

SPIRA

Nytt frå Stord og Nysæter kyrkjelydar

Utgåve 1 2021



Om bladet

Ansvarleg utgjevar:

Stord sokneråd og
Nysæter sokneråd

Adresse: Hamnegata 48,

5411 Stord

Telefon: 53 40 34 30

E-post: post@kyrkja-stord.no

Web: kyrkjastord.no

Facebook: @kyrkjaistord

Kontonr: 3201.23.04578

Vipps: Stord #124653

Gåver til kyrkjebladet merkast
"SPIRA"

Design: Preg Design AS

Forsidefoto: Barbro H. Andersen

Trykk: Skag Design og Trykkeri

Opplag: 7500 /utgåve 1/ årgang 3

Papir: Miljøvennleg Paperwise



Redaksjon:

Olav Oma (redaktør)

Elisabeth Fauskanger

Anders Grov Nilsen

Svein Olav Langåker

Barbro Høyland Andersen

Hildegunn Heimro

Dag Kjetil Lægred



DEN NORSKE KYRKJA

Stord og Nysæter

Korleis kan noko spira fram?

Det er fasinerande med alt som spirer og veks. I hagen står eit gammalt lønnetre. Det breier krona ut.

Om sommaren er det fint å sitja i skuggen under greinene med dei femtakka blada. Då kan ein høyra innsektene som summer oppe mellom mjølberarane i blomane.

Om hausten strør treet ut sine helikopterfrø, og når våren kjem er graset fullt av små lønnespirer.

I det vesle frøet ligg krafta, koden, ideen, teikninga av det store treet

frøet ynskjer bli!? I frøet - ligg alt som skal til for at eit nytt lønnetre, like stort som det gamle, kan veksa fram.

På same viset er det med alt levande, alt som veks. Utruleg er det laga til...

Gjennom bladet ser vi ulike eksempel på spirer og spirekraft, i naturen, i kyrkja, i liv og samfunn.

Olav Oma, sokneprest

Korleis?

Korleis kan ei lilje tru på våren,
når ho ligg der under snø og is?
Korleis kan ho tru at ho skal skina
fargeglad og fri på blomevis?
Korleis kan ho vona med ho ventar?
Korleis kan ho syngja med ho søv?
Kor har ho den kjelda der ho hentar
stjerner andre berre ser som støv?

Korleis kan ei sval byrja ferda
mot eit kaldt og vinterherja land?
Korleis kan ho styra stolt mot målet
milelangt frå hennar sydhavsstrand?
Korleis finn ho frimod til å starta?
Kor tar ho all kraft og vilje frå?
Har ho noko gøymt der i sitt hjarta
andre berre ikkje vågar sjå?

Kvifor skal vi tvila på vår bløming,
vi som har ein skapargud til Far?
Korleis kan vi gløyma sommarlandet,
ikkje tru dei lovnader vi har?
Om vi høyrer skaparverket tala
inn i våre stengde hjarterom,
kan vi lyfta vengjene som svala,
- kan vi tru og vona som ein blom.

Elisabeth Moldestad



Friluftsgudstenester i tida fram mot sommaren!

Korona-situasjonen og smittevern, påmelding og makstal på kor mange som kan vera samla i kyrkja samtidig. Mange har kjent utfordringane dette har gitt og på saknet etter fellesskap i kyrkja.

I vår inviterte Stord kyrkjelyd til familiegudsteneste i parken. Det blei ein flott dag og dei gode erfaringane derifrå gjer at me igjen inviterer til friluftsgudstenester. Velkomen til gudstenester og fellesskap i friluft i vår!

**Familiegudsteneste
i Vidstenparken på Leirvik:**
Kristi Himmelfartsdag 13.mai
kl. 11.00

**Friluftsgudsteneste
ved gapahuken i Hustredalen:**
Kristi Himmelfartsdag 13.mai
kl. 11.00

**Familiegudsteneste
i Gruveparken på Litlabø:**
Søndag 13.juni kl. 11.00



DETTE SKJER

Kreative og blide Ingvild!

Det er med stor glede me kan ønskja Ingvild Baugstø Almås velkomen som ny medarbeidar i 100% stilling i trusopplæringa frå 1. august.

Ho får barn og unge i alderen 0-18 år som arbeidsfelt. Ingvild bur i Sagvåg, er gift med Hans- Petter og mor til Tuva og Are. Ho kjem til stillinga i kyrkja frå lærarjobb på Tjødnalio

skule gjennom mange år.

Ingvild er ei dame med eit stort engasjement for barn og unge. Ho har vore med i Nysæter sokneråd og som frivillig medarbeidar på samlingar i trusopplæringa. Me er heldige som får Ingvild med sin kreativitet og gode humør med på laget i trusopplæringa både i Stord og Nysæter!



Det beste med våren

og tips for spiring og vekst



Kajsa Nordstrøm
Rådgjevar på HVL og leiar for Lønning
Lutlandbruk

Kva er det beste med våren, synest du?

Det beste med våren er lyset og kunne dyrke utendørs igjen.

Kva er det beste plante- tipset ditt om våren?

Mitt beste plantetips er tomater. Dei treng litt stell, mykje vatn og gjødsel, men viss du likevel er heime mykje, så vil den gi stor avling til sommaren.

Kjekt for barna å kunne plukka eigne tomater, og smaken er såååå mykje betre enn dei frå butikken.

"Ei spire er ein ung sporofytt som utviklar seg frå eit planteembryo frå eit frø. Ordet «spire» vert brukt også i utvida tyding, om byrjinga på noko."

Wikipedia



Ingeborg Hatlevik Ørjasæter, sjukepleiar
med vidareutdanning i sexologi og
familieterapi

Kva er det beste med våren, synest du?

Det beste med våren er lyset og lyden av ungar som finn fram sykkelen, leiker i gatene og hoppar på trampoliner.

Kva er det beste tipset ditt til å dyrka gode relasjonar?

Det er vanskeleg å velja berre eitt... Men by på deg sjølv, ikkje vent på at andre skal koma til deg, tenk at du har mykje å by på med å berre vera til stades. Fortel ei historie, inviter nokon på ein kopp kaffi, spel kinasjakk med barnebarnet, gå ein tur med kjæresten. Felles fokus og felles oppleving gjer noko med relasjonen me har til kvarandre.



Silje Vatne Ersland,
drøymmer om at fleire skal bli glade i
regn, dagleg leiar for Kattnakken AS

Kva er det beste med våren, synest du?

Energien som kjem tilbake med når dagane blir lyse og sola varmar. Og det å gå tur og sjå utviklinga i naturen dag for dag. Eg er jo glad i dei små detaljane, og det å sjå på enkelte buskar og tresortar kor vakre dei er når dei gjer seg klare til å springa ut. Det er noko av det beste.

Kva er det beste tipset ditt for vekst som gründer?

- 1: Ha 110 prosent fokus, ein klarar ikkje å bygga eit firma om det berre skal gjerast på hobbybasis.
- 2: Ikkje bruk pengar du ikkje har, ver nøysam. Og sei nei til alle telefonsejlarar.
- 3: Gjer noko du elsker og har trua på, for trur du ikkje på det du gjer, så kan du la vera.

Kul på magen og forventning i blikket

«Det er fantastisk å tenkja på at eg har eit lite liv i magen. Det er som eit kjærleikforhold til nokon eg ikkje heilt veit kven er enno. Eg blir stolt av kvinnekroppen som klarar å bera fram eit barn» seier Maria Agdestein. Ho er halvvegs i sitt andre svangerskap og gler seg til å bli ein familie på fire.

Maria likar seg ute, og eldstejenta Dorteia var ikkje mange vekene gamal då ho var på sin første fjelltur. Sidan då har det blitt mange turar og gode opplevingar og minner saman i den vesle familien.

– No gler eg meg til trilletur med vogn igjen, seier ho. Maria

seier ho kjenner seg tryggare nå i svangerskap nummer to. Men legg og smilande til at mens ho sist gong følgde med på fosteret si utvikling veke for veke, så gjer ein travlare kvardag at ho har mindre tid til å tenkja denne gongen. Litt uro og tankar blei det likevel, då dei blei henvist til



Eit lite liv i magen, ultralydbilde

Haukeland for undersøking fordi legen på Stord var litt i tvil då han såg på ultralydbileta. Maria er lærling som helsefagarbeidar, og bakgrunnen derfrå gjorde det kanskje lettare å tenkja at om noko skulle feila babyen i magen, ville den likevel vera verdas beste baby.

Dorteia som snart blir fire år gler seg til å bli storesøster.

– Eg ønskjer å vera ei mamma som er til stades for barna mine. Eg vil at barna mine skal oppleva stabile rammer i familien og at dei skal kjenna seg trygge. Me har fleire kjæledyr for at barna skal få oppleva gleda ved å ha dyr. Så vil eg både beskytta og skjerma dei, men og vera ei mamma som stiller krav, seier Maria.

Ho legg til at ho og gjerne vil at borna skal våga seia ifrå, at dei skal ha viljestyrke. Maria avsluttar med å fortelja at det å bli mamma og stifte familie har gitt livet hennar mening.

– Det er heilt greitt å stilla bak borna mine i køen» seier ho med eit stort smil.



T. v. Maria og dottera Dorteia likar seg ute på tur

Får folk rundt seg til å strekkja seg og bløma

Det hjelper lite å setja pøbelfrø i drivhus for å foredla dei. Familiefar, lærar og fotballtrenar Per Ness Valvatne får fram det beste i folk rundt seg og veit litt om kva som skal til.

Per let vel om barne- og ungdomsåra i Stord sin vestlege bydel. Han har vakse opp i Sagvåg, med mor, far, søsken – og ein fotball under armen. Etter putte-, gute- og juniorspel, først og fremst for Solid, vart Per i 2005 utpeikt til kaptein for a-laget til Stord/Moster (seinare Stord) av Vegard Hansen.

Korleis var det?

– Det begynnar å bli lenge sidan dette. Eg hadde hatt tilbudet tidlegare òg, men takka nei. Eg tenkte at det var andre som passa

betre. Eg var, og er nok kanskje enno, ein person som ikkje likar å ta så stor plass. Det er andre som likar betre å stå for preikinga og det har alltid passa meg fint. Men av og til må ein våga å ta eit steg ut av komfortsona og prøva noko nytt, og det gjorde eg då.

Kva gjorde du som kaptein for at både unge og meir rutinerte fotballstjerner skulle lukkast?

– Min styrke var kanskje at eg kunne snakka med alle og hadde ein god tone både med dei eldre og dei nye juniorane som kom



opp. I tillegg var eg ein person som likte å «gå i krigen» ute på banen.

Då Per la opp som fotballspelar (første gong i 2008) skreiv Sunnhordland at han berre «såg fram til å oppleva ein ettermiddag med skikkeleg møkkavêr» fordi han lenge hadde «drøymt om å kunna



sig ned i ein stol og berre nyta at uvêret herja», utan tanke for å måtte pakka treningsbagen.

Kva er det som no får deg, etter ein full dag i klasserommet på Hystad, til å bruka ettermiddagen på å vera Trott-trenar for J13?

– Noko av det kjekkaste som finst er å sjå barn som opplever meistring, både heime, på skulen og på fotballbanen. Me er ein fin trenargjeng som trivst godt i lag og utfyller kvarandre godt. Det å vera med på å leggja til rette for at ungarskal ha det kjekt, ta nye steg, byggja samhald og fellesskap gir meg mykje. Og å kunna følgja ungane si utvikling og fotballglede er god nok motivasjon for meg. Å bli møtt av 16 jenter som er motiverte for å spela fotball, gir energi på ein kald og regntung haustkveld. Då er det berre å ta på seg den varme Trott-jakka og Drillo-støvlane, så er vêret gløymt.

Korleis er det å vera lærar då? Fleire vaksne kan jo kjenna på at 2 timar barnebursdag fort kan bli nok, kva er trikset?

– Eg likar meg veldig godt som lærar på Hystad skule. Der er det mange kjekke elevar og kollegaer. Det er eit godt utgangspunkt om du trivst med folk rundt deg. Eg trur kanskje dei fleste kvir seg litt når det nærmar seg barnebursdag. Det handlar vel litt om å sjå an gjengen. Nokon treng litt faste rammer, andre treng spanande aktivitetar. Av og til kan det vera kjekt å berre få litt tid til å prøva ut leikene til bursdagsbarnet.

Kva for vekstvilkår er viktige



for å få barn og unge til å veksa og bløma?

– Eg tenker det er bra med trygge vaksne som vågar å setja grenser for ungane. Me må lytta og ta barna med på innspel, men òg våga å setja foten ned når det trengst. Både på skulen og på trening er det viktig for meg å bli kjent med kvart enkelt barn, at dei føler seg sett og har tillit til meg og kvarandre. Å byggja fellesskap og skapa tilhøyrslø i ei gruppe trur eg er viktig for å få trygge og glade barn. Og litt latter og humor er fine verktøy. Eg prøver å ikkje ta meg sjølv så høgtidleg, og er alltid klar for litt leik og moro.

Kor hentar du påfyll og restitusjon sjølv?

– Alle treng ein slik plass, ja. Min plass er heime med familien. Tid med ungane og kona på ettermiddagen og kvelden er viktig. Det er òg godt å få litt aleinetid med kona etter at ungane er lagt. Då kan me få tid til å lufta hovuda våre og snakke om ting som opptar oss. Ein treningstur innimellom gjer òg godt for kroppen

og toppen. Likevel, det å jobba med menneske, om det er på jobb eller på fritida gir meg mykje. Å prøva å vera ein som bidrar til skapa gode relasjonar, vennskap og kjekke felles opplevingar betyr mykje. Det å få ta del i gleden av å få til noko, kanskje noko ein har øvd på, er alltid ei sterk oppleving. Om det er nokon som har satt ny trikserekord, scora mål, eit bra samspel, knekt lesekode eller funne ut av ei matteoppgåve. Det er kjekt å dela gleden saman med ungane.

”

Noko av det kjekkaste som finst er å sjå barn som opplever meistring, både heime, på skulen og på fotballbanen.

Frivillige i kyrkja med ulike evner og talent

I kyrkjelyden ønskjer me å leggja til rette for at engasjement, evner og talent både hos frivillige og tilsette skal få blomstra i mangfaldet av ulike oppgåver, aktivitetar og prosjekt. Me trur at når ein får driva med noko ein likar og trivast med, gjerne i samarbeid med andre, blir det og kjekkare å vera med og opplevinga blir betre.

I Nysæter kyrkjelyd har flittige hender i «kyrkjeringen» laga nydeleg handarbeid til kyrkjebasarane sidan 1993.

Når det er andaktsstund på institusjonane er Gunlaug Hystad ei av fleire som spelar til allsongen.

Marit Langåker er naturfaglærar med stor interesse for dyreliv og naturen. Då det var tema «livet i fjæra» i trusopplæringa var det ho som var med og viste og fortalte.

Me menneske er ulike. Me representerer eit stort mangfald med ulike interesser, evner og anlegg. Arbeidet som blir drive i kyrkja er og mangfaldig og har stor grad av variasjon.

Sokneråda og tilsette i Stord og Nysæter har starta eit arbeid som set søkjelys på det frivillige arbeidet i kyrkjene med utgangspunkt i spørsmålet *Korleis kan den einskilde nytta sine evner og talent i det store mangfaldet av oppgåver i kyrkja?»*



Marit Langåker leier trusopplæringsdag i fjæra



Kyrkjevert på gudsteneste

– Eg likar å vera kyrkjevert fordi det er eit godt påskudd til å få helst på alle som er på gudstenesta, seier Egil Petterteig. Han seier det er kjekt å ønska folk velkomen i kyrkja, og håpar han kan vera med og bidra til folk føler seg sett og ivaretekne når dei kjem i kyrkja.

Over: Egil Petterteig, kyrkjevert
Til venstre: Gunlaug Hystad spelar piano på institusjonsandakt



Mat & prat for småbarnsforeldre i Nysæter kyrkje

Eit ønske om å skapa ein fast møteplass på dagtid med servering av mat, det var utgangspunktet då fleire frivillige i Sagvåg gjekk saman om å starta med «mat & prat». Dei ville leggja til rette for at små og store kunne bli kjent med andre og gje dei vaksne ein arena for fellesskap og utveksling av erfaringar.



Dagfinn Koppang, leiar for diakoniutvalet

Medmenneske og diakoni

Dagfinn Koppang er leiar i diakoniutvalet i kyrkja. Han har hjarta for medmenneske, frå dei yngste til dei eldste, og at diakoniarbeidet i kyrkja rommar alt dette. – Det er viktig for meg at menneske blir sett, seier han.



Anne Mari Einarsen t.v. og Karin Borgenvik t.h.

Songstund i trusopplæringa

– Me er med som frivillige i kyrkja fordi dette er kjekt å vera med på, og me trivst når me får jobba saman med folk me kjenner, seier Anne Karin Storelid og Oddbjørg Løkling. Me har det sosialt saman og det har vore lett å spørja andre om å vera med å ha ulike praktiske oppgåver i samlingane for born og unge i kyrkja.



Anne Karin Storelid t.v. og Oddbjørg Løklingholm t.h. serverer pølser på trusopplæringsdag

Spirekraft i eit kyrkjeblad

Bladet du nå held i hendene representerer for mange ein draum som blei verkeleg. Ei spire som fann grobotn. Ein idé og ein tanke, eit ønskje og eit håp som blei sådd av nokon som ønska at me på Stord skulle få vårt eige kyrkjeblad. Eit kyrkjeblad som skulle vera nær menneska og fortelja historier om oss som bur på Stord og om møtepunkt med kyrkja i liv og tru.

No er det to år sidan første nummeret kom ut. Me er stolte av Spira! Stolte over at me har fått eit så flott kyrkjeblad på Stord!

Men framleis er kyrkjebladet å rekna som ei ung spire utan sterk stamme og djupe røter. For at det skal dannast røter trengs det både innsats og omsorg.

Me treng deg med på laget! Det kostar å laga kyrkjeblad. Vil du vera med å støtta Spira økonomisk? Vil du vera med og bidra til at me får eit levedyktig blad som kan danna gode røter og ha friske spirer og i åra som kjem?

På førehand takk for støtta!
Helsing redaksjonen i Spira

*Om du gir 50, 250 eller anna - kvar einaste gåve blir motteken med takk.
Bruk giroen under i nettbanken din og merk med: SPIRA i KID/ meldingsfeltet.
Eller vipps ei gåve direkte på nummeret 124 653 Stord sokn, merk SPIRA.*



Du kan
gi ei g ve med
v pps

124 653
Stord sokn

Gi ei g ve med Vipps i dag,
slik at me kan halda fram med  
levera SPIRA i 2021!

Kvittering

Innbetalt til konto

Bel p

Betalar sitt kontonummer

Betalingsinformasjon

Betalt av

┐

Betalt til

┐

SPIRA
v/ Stord sokner d og Nys ter sokner d
Hamnegata 48
5411 Stord

Denne blanketten kan ikkje nyttast som brevgiro

KID/Melding

St tteg ve til SPIRA

Kroner

 re

Til konto

3201 23 04578

KONFIRMANT* 2022

I konfirmasjonstida er det rom for å utforska mange viktige sider av livet saman med andre. Som konfirmant får ein læra meir om seg sjølv, om tru, om Gud og den verda ein er ein del av. No er det tid for påmelding til konfirmasjon 2022!

Brev med invitasjon til å vera konfirmant det komande året er sendt alle 2007'arane på Stord som er døypte og dermed medlemmer i kyrkja.

Dei ungdommane som ikkje er døypt har me ikkje anledning til å senda brev til, men dei er like velkomne. Ta kontakt med kyrkjekontoret om de ikkje har fått invitasjon i posten, men vil vera konfirmant i kyrkja.




Foto: Hedvig A. Halgunset/Kirkerådet

TA KONTAKT MED KYRKJEKONTORET OM DE HAR SPØRSMÅL!

Opplev livet som konfirmant på TikTok

#konfirmantene



Påmelding via nettsida vår kyrkjastord.no innan tysdag 1.juni

NB: I tillegg er det egne møter med innskriving i slutten av mai.

Innskriving i Nysæter kyrkje
tysdag 25. mai
for Nysæter ungdomsskule:

A-klassen kl. 17.00
B-klassen kl. 17.45
C-klassen kl. 18.30

Innskriving i Stord kyrkje
onsdag 26. mai
for Stord ungdomsskulekrins :

A-klassen kl. 17.00
B-klassen kl. 17.45
C-klassen kl. 18.30
D-klassen kl. 19.15

Innskriving i Stord kyrkje
torsdag 27. mai
for Nordbygdo ungdomsskulekrins:

(de møter etter fyrste bokstav i
etternamn)
A – G kl. 17.00
H – O kl. 17.45
P – Å kl. 18.30

Frå frø til plante

På denne tida av året klør det i fingrane til mange av oss etter å komma ut og jobba i hagen eller så frø. Det er populært å så og driva fram planter sjølv. Korleis kan ein best mulig leggja til rette for at det litle frøet kan spira og veksa? Kva må ein tenkja på for å lykkast med såing og spiring? Her kjem nokre tips frå kyrkjetenar Bodil, som sjølv er glad i alt som vekst:

Når og kor?

Det er frø i ulike fasongar og storleikar og med ulike føresetnadar for å spira. Når og kor det er best å så frøa, finn du informasjon finn du bak på frøpakka.

Kjekke "start-frø"

Start gjerne med f.eks. ringblom som er ein sort som spirer lett. For barn er det kjekt å så frø som er så store at det er lett å sjå dei. Blomkarse har slike frø og er og ein plante som spirer lett.

Potter og jord

Frø skal ikkje ha for mykje næring i jorda, bruk gjerne såjord, kaktusjord eller jord blanda med sand. Så i mjølkekartong eller i egne potter.

Lyst og fuktig

Frø må ha det lyst for å spira, sett dei gjerne i karmen i vindauga, men ikkje i direkte sollys. Det kan og vera lurt å ha plast over molda, då blir det lunare og lettare å halda på fuktigheten. Ta vekk platen når frøa har spirt. Hugs å ikkje vatna for mykje, då kan frøa rotne. Eit tips er å vatna med ei sprayflaske.

Den første spiringa

Når frøa har spirt og plantane vekst kan ein ofte sjå endring frå dag til dag. Har ein sådd mange frø i same potte og dei gror tett i tett, er tida komen for prikling, dvs å flytta nokre få av kvar plante til ei ny potte.

Når planten blir større

Mykje lys og varme kunne gje lange og hengslete planter. For å få dei tettare og meir robuste, kan ein knipa toppane. Plantane setjast ut på dagen slik at dei får litt lågare temperatur, men hugs å ta dei inn igjen om kvelden. Har ein sådd grønsaker som f.eks gulrøter, er det viktig å tynna, dvs ta vekk nokre av dei små plantene slik at dei som står att kan veksa seg store.

Sjølvsådd er velsådd

Det noko heilt eige å sjå sjølv-sådde frø spire, vekse og gro. Gleda og iveren ein kan kjenna når planten ein har sådd sjølv blømer eller grønsakene kan haustast gjer at ein kan tenke; Kor er krafta som gjer at eit lite frø kan veksa og bli ein slik plante?



Kyrkjetenar Bodil Stave



Plast over molda gjer det litt lunare



Frøa spirer etter få dagar



Eggekartongar er fine å så frø i



Over: Hanen på garden likar å "tøffa seg", men her skjønner han kven som er sjefen.

Under: Kjersti og Tor Helge saman med nykommaren på garden, hunden Arrax.

Til høgre: Det store tuntreet mellom låven og stallen



Nye spirer i gamle spor

Det er ein nydeleg vårdag i tunet på Valvatne gard. No lever det igjen under dei store greinene på det gamle tuntreet: I taudissa ler ungane, hestane blir leidde forbi på veg ut og inn av stallen, traktoren kjem durande langs vegen, og geitene hoppar glade og vâryre rundt på jordet bak låven.

På Valvatne har det vore gard i fleire hundre år. Men for 40-50 år sidan vart gardsdrifta avvikla. Låven vart ståande tom, og sakte men sikkert grodde det meir og meir igjen på bakkane.

– For oss har det å driva ein gard vore ein draum og noko me har tenkt lenge på, seier Kjersti og Tor Helge Valvatne, som i 2015 tok steget og bestemte seg for å ta over familie-garden.

Sidan då har dei gjort ein stor inn-sats for å setja husa i stand igjen og få dyr i låven og på bøane. Og mykje står att. Her er mange og gamle hus og bygningar som skal takast vare på, samt bakkar, skog og mark som

strekker seg over eit stort område.

– Noko av det første me gjorde var å få oss geiter, seier Kjersti.

– Dei har beita effektivt ned både buskar og kratt på dei gjengrodde bakkane, og me ser alt no at det byrjar å bli mykje opnare her igjen.

Forutan geiter har det kome både hestar, grisar, høner og katt til gards, og no, heilt i det siste, har hunden Arrax flytta inn. Han er alt blitt eit kjærte familiemedlem.

– Eg synest det er skikkeleg koseleg å ha han rundt meg gjennom dagen, smiler Kjersti. Det er ho som er gardbrukaren og har ansvaret for det som skal gjerast på garden i det daglege. Tor Helge tar hand om fa-





”

Me ønsker å bidra til at fleire får glede av det å ha dyr i nærmiljøet, og me legg stor vekt på å skapa eit ope og gjestfritt tun her på garden.

Kjersti Valvatne

milebedrifta i tømrar- og byggjevarerbransjen.

– Det er travelt, innrømmer dei.
– Men me ville ikkje ha vore dette forutan. Me trivst veldig godt med å bu slik som dette, og me er så glade for at me har klart å skapa eit levande gardstun her igjen.

Det er dei ikkje dei einaste som gler seg over. Rundt garden bur fleire av familiane i slekta, og dei set stor pris på at garden no er i drift etter alle desse åra. Det same gjeld folk elles, som bur eller går tur i området.
– Me får stadig tilbakemeldingar frå naboar og forbipasserande som uttrykkjer kor kjekt dei synest det er at det er liv igjen på Valvatne gard.

Og det er litt ferdsel gjennom tunet. Folk stoppar og ser seg om, klappar dyra, og slår av ein prat.

– Det er akkurat slik me vil ha det, understrekar dei.
– Med garden her ønsker me å bidra til at fleire får glede av det å ha dyr i nærmiljøet, og me legg stor vekt på å skapa eit ope og gjestfritt tun.

Dei to har mange planar for drifta vidare, og det høyrer ut til at det i tida som kjem vil bli mange som skal få stå under tuntreet og kjenna på litt av gardsgleda som Kjersti og Tor Helge så raust deler med alle som kjem innom.

Spire til tru

Kva skal til for at trua skal spira, korleis er det å vera ung i dag og ha ei tru, og korleis er det å vera den som fortel andre om Bibelen og kristen tru? Me har snakka med Bjørg Marit, Laurence og Ingeborg om dette.

Aktivitet og fellesskap

– Fellesskap med andre kristne vener i ungdomstida er viktig. Det er med på å gi grunnlag for trua vår vidare i livet, seier 10.klassingane Ingeborg Grimsbø og Laurence Skartland.

Eit av måla med trusopplæringa for born og unge i kyrkja er å så spirer til tru gjennom bibelforteljing, song, fellesskap og aktivitetar. Ingeborg og Laurence har begge vore med på ulike samlingar i trusopplæringa, i tillegg til søndagsskule, leir, speidar og på bedehuset. Dette har dei mange gode minner frå.

Begge to fortel om foreldre som har teke dei med på kristne aktivitetar frå dei var små, og det er dei glade for. Me har fått bli kjent med kristendommen gjennom aktivitet, fellesskap og bibelforteljing, og ikkje bare som pensum i KRLE på skulen.



Bjørg Marit Notland

Då trur dei det lett kunne blitt berre historie. Gradvis har deira eiga tru fått vekse fram.

Å læra vidare

Begge jentene er aktive på fritida og med på mykje. Dei likar å vera i aktivitet og trives godt på KRIK. Ingeborg har og vore med som leiar på fleire samlingar i trusopplæringa dette siste året.

– Då lærer eg korleis eg kan læra vidare til dei som er yngre enn meg, seier ho.

– Å få tilbakemelding frå dei vaksne leiarane gjer og at eg får lyst å vera med igjen.



Bjørg Marit Notland har vore engasjert i kristent barne- og ungdomsarbeid i ei årrekke, og har vore med og sådd mange spirer til tru.

Kor kjem di spire til tru frå?

– Eg vaks opp på Siglo, som er ei av Fitjarøyane. Der var det ingen søndagsskule, men eg lærte om Jesus på skulen. Der lærte eg faktisk også mine første søndagsskulesongar. Heime bad me alltid borbøn og



Ingeborg Grimsbø



Laurence Skartland

kveldsbøn, og dei kristne verdiane var sentrale. Eg fekk barnebladet Blåveisen i posten kvar månad og der var det bibelleseplan. Denne ville eg fylgja, så eg fekk låna pappa sitt konfirmasjonstestamente. Sjølv om trua på Jesus har vore der frå eg var lita, tok eg eit bevisst val som 10-åring om at eg ville fylgja han.

Kva er det som driv deg som leiar i kristent arbeid?

– Eg har fått sjå kor høgt elska eg er

av Gud. Han sende Jesus for å frelsa meg og alle menneska. Jesus betyr så mykje for meg og det betyr mykje for meg å vera med i kristent arbeid. Jesus lever og Han gir livet mitt meining. Han er alltid der for meg. Han er min gode hyrde gjennom livet.

– Det er fascinerande å lesa i Bibelen om korleis Jesus møtte menneske. Han såg dei som trong ei spesiell berøring av han. Gjennom å vera med i kristent arbeid blant barn, ungdommar og vaksne har eg fått sjå mange døme på at han framleis møter menneske, at menneske framleis kan få liva sine endra gjennom eit møte med han og få noko heilt nytt å leva for.

– Det er spesielt viktig for meg at barna får møta Jesus heilt frå dei er små. Ingen «hovudpersonar» i andre religionar møter barna slik som Jesus gjorde. Han løftar dei fram som eksempel for oss vaksne når det gjeld tru. Han iretteset dei som vil hindra ungane i å møta han, for Han er barna sin beste ven. Difor tenkjer eg at dei som ikkje får bli kjende med han som barn, går glipp av noko heilt unikt.

Merkar du forskjell på trusfrøa si spirekraft hos barn og vaksne?

– Det ser av og til ut som at det er vanskelegare å koma til Jesus i vaksen alder. Me trur om oss sjølv at me fiksar det meste og kan greia oss utan Gud eller at me har gjort så mykje dumt at Gud ikkje bryr seg om oss. Me kan vera opptekne av så mykje at han får liten eller ingen plass hos oss. Nokre er dessverre også blitt skuffa i møte med kristne. Eg ber om at dei eg møter må våga å sjølv smaka og sjå at Herren er god!

Andakten

«Våre hodehår Han teller - hver en tåre som vi feller...» Somme gonger tenkjer eg på Isak i romanen *Markens grøde* av Knut Hamsun. Isak - som starta med to tome hender på garden Sellanrå.

Romanen fortel at når Isak hadde pløgd åker og sådd korn og sat som herre på Sellanrå, så brukte han å gå ut i stallen og telja hesten. Han hadde nemleg, gjennom ufatteleg mykje slit og hardt arbeid endeleg klart å skaffa seg ein hest. Den var dyrebare for Isak. Han var glad i den og stolt av den, difor talde Isak hesten. Og eg ser han føre meg - Isak - der han etter dagens strev går ut i stallen og tel hesten: EIN ! 1 hest !!

Me kan le litt av Isak, men forstår dette. Jesus tel meg. EIN ! Eit menneske i Guds rike. Og han tel kvar enkelt av oss slik.

Lukas 12,7: Ja, kvart hårstrå på hovudet dykkar er talt. Ver ikkje redde ! De er meir verde enn mange spurvar.

Å telja oss slik er ikkje matematikk, men har med uendeleg omsorg, kjærleik og godheit å gjera. Lat oss kvila i det dei dagane me ikkje heilt får auga på at gudsriket er nært. Når me ikkje ser himmelglimta i kvardagen vår. Når me er trøytte og slitne og ikkje orkar stort. Også dei dagane tel Jesus oss, fordi me først og fremst er hans barn. Framfor alt så er me Guds barn.

T: Liv Kari Bru, kyrkjevevjerje



Dette skjer

MÅNDAG TRILLETUR
10.05 frå Nysæter kyrkje
kl. 11.00-ca 12.00

MÅNDAG TRILLETUR
10.05 frå Stord kyrkje
kl. 11.00-ca 12.00

TYSDAG T1-6 UTESONG
11.05 ved Nysæter kyrkje
kl. 17.00-18.00

ONSDAG T1-6 UTESONG*
19.05 ved Stord kyrkje
kl. 17.00-18.00

* Felles sommaravslutning for T 1-3 og T 4-6

TORSdag T7-8 GUD SKAPAR,
03.06 ME TEK VARE PÅ
ved Stord kyrkje
kl. 16.30-17.30

FREDAG T7-10 GUD SKAPAR,
04.06 ME TEK VARE PÅ
ved Stord kyrkje
kl. 16.00-17.00

Kyrkjelydsleir - sett av datoen!

Etter ein haust og vår med restriksjonar og avlysingar er det kjekt å kunne fortelja at det blir kyrkjelydsleir i regi av Stord sokn februar 2022.

Helga 4.-6.februar 2022 skal me fylla Solgry ungdoms- og misjonssenter på Rød i Sveio med liv og røre. Det gler me oss til. Hald av datoen i kalendaren, meir informasjon kjem etterkvart.

Tusen takk til støttespelarane våre!

 **Stord**
tannregulering



 **Stord**
Begravelsesbyrå

Leirvik sentrum - Stord

Lønningsåsen 7 5417 Stord

Prisantydning fra kr 1 190 000,-

Omkostninger: fra kr 30 920,- - Totalpris: fra kr 1 220 920,-


14 Flotte moderne, nyoppussede leiligheter beliggende i Leirvik sentrum. Leilighetene er ferdigstilt 2021 med gjennomgående god standard. Nye kjøkken, bad og gulv, samt malte flater i tidsriktige farger. Størrelser fra 41 til 67 kvm med 1 eller 2 soverom. Flere leiligheter med egen balkong, samt felles takterrasse for sameiet. Leirvik sentrum med alle servicetilbud i umiddelbar nærhet. Priser fra 1 190 000,- til 2 750 000,- + omk.



Eieform: eierseksjon
Boligtype: leilighet
Fellesutgifter: kr 697 - 1139,- pr. md.
Bruksareal: 41 - 67 m²
Primærom: 41 - 67 m²
Tomteareal: 1 704 m² eiertomt
Byggeår: 1999/2021
Antall soverom: 1 - 2
Parkering: Egen parkeringsplass på felles parkeringsareal på bakside av bygget.

Kontakt megler for visning!

KONTAKT
Ove Sagenes
928 06 333
ove.sagenes
@emvest.no



 EiendomsmeglerVest

Me treng fleire på spleiselaget!

Me er veldig takksame for alle aktørane i næringslivet som har støtta og støttar SPIRA .

For å kunne gje ut SPIRA treng me mange på spleiselaget. Kunne du tenke deg ei annonse i bladet?

Gje oss i redaksjonen ei melding på epost: spira@kyrkja-stord.



SPIRA vert trykt på miljøvennleg PaperWise papir.

PaperWise er laga av jordbruksavfall, nærare bestemt stilkar og blad som er att etter innhausting av matvekstar.

I staden for å bruka primære ressursar til produksjonen av dette papiret, som tre og skog, nyttar ein altså sekundære ressursar, som vanlegvis ville ha vore avfall.

Det gjev PaperWise eit 47% lågare CO2-avtrykk enn anna miljøvennleg papir produsert på råmateriale av tre.

PaperWise sørger også for gode og rettferdige arbeidsforhold i produksjonslanda.

Annonse plass for di bedrift?

Annonse plass for di bedrift?

Festeavgift

Faktura for festeavgift er no sendt til dei som har forfall i vårhalvåret.

Faktura blir sendt kvart 5. år til den som står som festar på grava.

Ein har no moglegheit til å betala for 5 nye år eller nytta høvet til å sletta grava. Ein kan og endre namn på festar.

Har de spørsmål knytt til dette kan de kontakta kyrkjekontoret v/ Reidun Andersen eller Liv Kari Bru

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](https://www.kirkens-sos.no)

SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT



SOS
MELDING



 **KIRKENS**
SOS



Yabsira Thomas Østrem og Aleksander Karlsen

Ung tru - ny start

I år er det sju konfirmantar som blir døypt. To av dei er kameratane Yabsira Thomas Østrem og Aleksander Karlsen. Yabsira vart døypt i mars saman med fleire konfirmantar.

Synest du det var skummelt å bli døypt?

– Nei, men eg var litt spent før presten sa namnet mitt. Det var ein god følelse i kroppen etterpå. Det var ein fin dag.

Aleksander skal døypast seinare i vår. Er det noko du kvir deg til?

– Nei, eg kvir meg ikkje. Det er første steget mot å bli konfirmert.

Det er jo vanlegast å bli døypt som spebarn. Kva tankar gjer

de dykk kring det å bli døypt som ungdom?

– Det er fint, svarar Yabsira, det er jo som å bli reinsa og å få ein ny start. Det kan me trenga som ungdommar.

Er tru viktig for å bli døypt?

– Ja, trua er grunnen til at eg vil bli konfirmert, at eg vil vera med på konfirmasjonsundervisninga, seier Aleksander, og legg til at det er kjekt å få koma til kyrkja. Det er fint å vera her og kjenna at eg høyrer til.

Døypte

Stord kyrkje

- 06.12 Markus Brekke
- 06.12 Emma Bøyum Restad
- 13.12 Live Nygård Lodden
- 03.01 Aron Johannes Knudsen
- Andersland
- 24.01 Fillip Amdal
- 31.01 Karoline Engelsen Bukkøy
- 31.01 Magnus Mælen Kaldestad
- 31.01 Otto Vik Degrave
- 07.02 Milea Nielsen Nordtveit
- 21.02 Lilly Barek Sørli
- 21.02 Saga Børtveit Kvinge
- 27.02 Sigurd Notland Slålie
- 28.02 Oliva Reinskau Westerheim
- 28.02 Anne Kyvik Pettersen
- 14.03 Mathias Hatlevik Helgesen
- 14.03 Live Særsten Aksnes
- 14.03 Veslemøy Rønnekleiv
- Helland
- 14.03 Linn Elise Sjursen
- 14.03 Maja Johanne Sundhordvik
- 14.03 Rode Natalie Sundhordvik
- 14.03 Thomas Yeabsira Østrem
- 14.03 Sjur Kinne Alvsåker
- 21.03 Oliver Ånensen Mjelde
- 25.04 Aria Ekre Eilertsen
- 25.04 Tobias Haga



Nysæter kyrkje

- 24.01 Ailo Brørvik
- 07.03 Noah Bonatua Slettebø
- 14.03 André Helland
- 28.03 Melinda Stensletten
- Håkonsen

Her er bilete frå 14. mars då fem av konfirmantane våre vart døypte i Stord kyrkje. Totalt har me dette konfirmantåret døypt sju konfirmantar. Dei fem konfirmantane på bildet er Maja, Veslemøy, Yabsira, Linn Elise og Rode.